



Budsjett 2024

Drift og eigedom
Helse Førde HF

Innholdsliste

1	Samandrag	3
2	Status	4
3	Budsjett per avdeling	5
	3.1 Medisinsk-teknisk avdeling	5
	3.2 Husøkonom	6
	3.3 Matforsyning	7
	3.4 Teknisk drift	10
	3.5 Pasientreiser	11
4	Bemanningsplan 2024	13
5	Budsjettprosess	13

1 Samandrag

Drift og eigedom legg til grunn ei brutto budsjetttramme på 309,2 millionar kroner i 2024.

Budsjettekniske føresetnader

Krav til innsparing på 1 million kroner er innarbeidd i budsjett for 2024. Utarbeidd prognose for 2023 er utgangspunktet for budsjettarbeidet. Naturlege endringar i drifta i 2023 er soleis innarbeidd i budsjetttdokumentet. Større planlagde endringar frå budsjett 2023 til budsjett 2024 er spesifisert i oppsett for aktuell avdeling.

Føresetnadene frå statsbudsjettet er lagt til grunn ved prisjustering.

I budsjettarbeidet har tillitsvalde, verneombod og alle leiarane i drift og eigedom vore involverte. Leiarane er oppmuntra til å ta med seg dei tillitsvalde i budsjettarbeidet, og samarbeidet har fungert godt. Med bakgrunn i budsjettarbeidet har administrerande direktør kome fram til følgjande budsjetttramme for 2024.

Drift og eigedom	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Basistilskot	-239 481	-243 807	-243 807	-265 392	-	-21 585	0,0 %
Andre inntekter	-37 645	-43 102	-42 592	-43 852	511	-1 261	-1,2 %
Sum driftsinntekter	-277 126	-286 910	-286 399	-309 244	511	-22 845	-0,2 %
Varekostnader	19 600	18 941	19 551	20 118	610	567	3,2 %
Løn til fast tilsette og vikarar	93 034	97 386	101 841	106 831	4 455	4 990	4,6 %
Variable tillegg og overtid	6 169	5 437	4 906	5 146	-532	240	-9,8 %
Feriepengar og sosiale kostnader	44 393	45 159	45 531	48 711	372	3 181	0,8 %
Refusjonar løn	-5 526	-2 802	-3 506	-3 678	-704	-172	25,1 %
Innleige av personell	93	51	-	-	-51	-	-100,0 %
Diverse personalkostnad	-5 772	-6 076	-6 484	-6 662	-408	-178	6,7 %
Reisekostnader	527	903	888	913	-16	26	-1,8 %
Sum løn og personalkostnader	132 916	140 058	143 175	151 262	3 117	8 087	2,2 %
Andre driftskostnader	125 173	127 911	133 720	137 865	5 809	4 145	4,5 %
Sum driftskostnader	277 689	286 910	296 446	309 244	9 536	12 799	3,3 %
Sum	563	-0	10 047	-	10 047	-10 047	

Budsjettframlegg for avdelingane i drift og eigedom:

Tal utan basisramme:

Drift og eigedom	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
HUSØKONOM	42 690	44 620	46 627	49 374	2 007	2 747	4,5 %
MATFORSYNING	38 282	38 716	38 754	40 663	37	1 910	0,1 %
MEDISIN TEKNISK AVDELING	22 522	24 195	25 349	26 497	1 155	1 148	4,8 %
PASIENTREISER	23 628	25 870	25 898	27 203	28	1 305	0,1 %
TEKNISK DRIFTSAVDELING	93 550	89 658	97 228	101 486	7 569	4 259	8,4 %
DRIFT OG EIGEDOM FELLES	19 377	20 748	19 998	20 168	-750	170	-3,6 %
Sum	240 049	243 807	253 854	265 392	10 047	11 538	4,1 %

Prisendringar, nye oppgåver, og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	-0
Lønnsjustering inkludert pensjon	8 087
Kostnader prisjustering	4 712
Inntekter prisjustering	-1 261
Basisramme	-21 585
Sum prisendringar	-10 047
Drift av Livabygget	5 000
Overtaking drift av ambulansestasjoner	4 727
Drift nytt MTU utstyr	1 200
Krav til innsparing 2024	-1 010
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2023	130
Sum netto kostnader	-

2 Status

Drift og eigedom skal levere gode støttetjenester til pasientbehandlingen ved sjukehusa. For å gjere dette på ein god måte må vi ha fokus på godt arbeidsmiljø, sjukefråvær, HMS m.m. Arbeidet med sjukefråvær og arbeidsmiljø har vore høgt prioritert i lengre tid.

Drift og eigedom har ansvaret for forvaltning av eigedomsmassen til føretaket og har fokus på det verdibevarande vedlikehaldsarbeidet. Sjølv om bygningsmassen vert eldre har vi dei fire siste åra halde den tekniske tilstandsgraden på bygga våre på om lag same nivå som målingane i 2015. Vi har i stor grad følgd opp «bygningmessig utviklingsplan» som er eit planverk for å stabilisere og hente inn vedlikehaldsetterslepet i bygningsmassen.

Tiltak gjennom prosjekt Nye Førde sjukehus (NFS) har betra tilstandsgraden på bygningsmassen.

Budsjetta for dei ulike avdelingane i drift og eigedom vert presentert under.

3 Budsjett per avdeling

3.1 Medisinsk-teknisk avdeling (MTA)

Medisin teknisk drift	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Basistilskot	-24 165	-24 195	-24 195	-26 497	-	-2 303	0,0 %
Andre inntekter	-229	-26	-26	-26	-	-1	0,0 %
Sum driftsinntekter	-24 394	-24 221	-24 221	-26 524	-	-2 303	0,0 %
Varekostnader	11	5	5	5	-	0	0,0 %
Løn til fast tilsette og vikarar	5 857	6 126	6 130	6 431	4	300	0,1 %
Variable tillegg og overtid	649	597	643	674	46	32	7,7 %
Feriepengar og sosiale kostnader	3 102	2 938	2 900	3 059	-38	160	-1,3 %
Refusjonar løn	-85	-52	-20	-21	32	-1	-61,6 %
Innleige av personell	44	-	-	-	-	-	-
Diverse personalkostnad	9	79	79	82	0	3	0,0 %
Reisekostnader	81	141	121	125	-20	4	-14,2 %
Sum løn og personalkostnader	9 657	9 829	9 853	10 351	24	497	0,2 %
Andre driftskostnader	13 083	14 386	15 516	16 168	1 130	651	7,9 %
Sum driftskostnader	22 751	24 221	25 375	26 524	1 155	1 149	4,8 %
Sum	-1 643	-	1 155	-	1 155	-1 155	

Tal utan basisramme:

Medisin teknisk avdeling	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
MTA FLORØ	171	174	174	181	-	7	0,0 %
MTA LÆRDAL	2 855	3 059	3 145	3 287	86	142	2,8 %
MTA NORDFJORD	3 085	3 332	3 415	3 568	83	152	2,5 %
MTA FØRDE	16 411	17 630	18 615	19 462	985	846	5,6 %
Sum	22 522	24 195	25 349	26 497	1 155	1 148	4,8 %

Budsjettframlegget til MTA syner ein auke på i underkant av 1,2 millionar i høve budsjett for 2023. Prisendringar, nye oppgåver og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	0
Inntekter prisjustering	-1
Lønnsjustering inkludert pensjon	497
Kostnader prisjustering	651
Basistilskot	-2 303
Sum prisendringar	-1 155
Kompensasjon lønsoppgjjer 2023	62
Drift nytt MTU utstyr	1 200
Endring som følge av andre vedtak og hendingar i 2023	-107
Sum netto kostnader	-

2024 vil som 2023 vere prega av eit stramt budsjett. Gode vedlikehaldsrutinar vil difor vere viktig for å klare å halde vedlikehaldsbudsjettet. 2023 vart eit år utan større havarisituasjonar. Dette speglar gode rutinar, men utfordringa stig i takt med alderen på utstyret.

Lågt investeringsbudsjett for 2024 vil presse fram enda fleire «end of life»-saker, der vi ikkje lenger har garanti for å kunne skaffe delar til utstyr. Dette vil krevje enda større fokus på vedlikehald for å unngå havarisituasjonar.

Helse Førde gjennomfører i 2023/2024 nødvendig utviding og oppgradering av overvåkingsanlegga på alle behandlingsstadar, dette av omsyn til IKT-sikkerheit, overgang til Helse Vest IKT sin infrastruktur, samt utviding i samband med byggeprosjekt i Nye Førde sjukehus. Ved å nytte allereie etablert infrastruktur vil vi auke fleksibiliteten, då spesielt med tanke på telemetriovervaking der pasientar kan bevege seg fritt på sjukehuset.

Utanom planlagt nødvendig vedlikehald og reparasjonar, vil vi i 2024 ha stort fokus på flytteprosessen av medisinsk utstyr til Livabygget, samt til andre lokasjonar på Svanabygget. Det vil vere ein viktig og kompleks prosess som vil krevje høg presisjon. Avdelingar og leverandørar må involverast. Målet er å gjere flytteprosessen mest mogeleg skånsam for brukarar og pasientar.

Sjukefråværet hos MTA er tradisjonelt lågt, og arbeidsmiljøet svært bra. Vi arbeider kontinuerleg for å ivareta arbeidsmiljøet.

Samarbeidet i MTA-miljøet i Helse Vest er svært godt og samarbeidet vert stadig viktigare. Vi har jamlege møte med erfaringsutveksling og samordning av regionale og nasjonale prosessar. Moderne medisinsk-teknisk utstyr krev integrasjonar mot fleire fagsystem, og det vert i aukande grad regionale system som involverer alle føretak. Samarbeidet med Helse Vest IKT vert derfor særskilt viktig i åra framover.

3.2 Husøkonomi

Husøkonomi	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Basistilskot	-42 528	-44 620	-44 620	-49 374	-	-4 754	0,0 %
Andre inntekter	-5 095	-5 349	-5 751	-5 930	-402	-179	7,5 %
Sum driftsinntekter	-47 624	-49 969	-50 371	-55 304	-402	-4 933	0,8 %
Varekostnader	686	700	650	669	-50	19	-7,2 %
Løn til fast tilsette og vikarar	23 930	25 126	27 132	28 462	2 006	1 329	8,0 %
Variable tillegg og overtid	924	834	768	805	-66	38	-7,9 %
Feriepengar og sosiale kostnader	10 758	11 161	11 632	12 661	471	1 029	4,2 %
Refusjonar løn	-1 392	-1 111	-1 426	-1 495	-315	-70	28,3 %
Diverse personalkostnad	-3 340	-3 592	-3 943	-4 057	-351	-114	9,8 %
Reisekostnader	13	63	59	61	-4	2	-6,3 %
Sum løn og personalkostnader	30 893	32 482	34 223	36 437	1 741	2 215	5,4 %
Andre driftskostnader	16 202	16 787	17 505	18 198	719	692	4,3 %
Sum driftskostnader	47 782	49 969	52 378	55 304	2 409	2 926	4,8 %
Sum	158	0	2 007	-	2 007	-2 007	

Tal utan basisramme:

Husøkonomi	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
HUSØKONOMI LÆRDAL	6 120	6 196	6 197	6 531	1	333	0,0 %
HUSØKONOMI NORDFJORD	6 243	6 034	6 034	6 356	1	322	0,0 %
HUSØKONOMI FØRDE	29 201	31 219	33 334	35 372	2 115	2 038	6,8 %
HUSØKONOMI FELLES	1 127	1 171	1 062	1 115	-109	54	-9,3 %
Sum	42 690	44 620	46 627	49 374	2 007	2 747	4,5 %

Budsjettframlegget til husøkonomi syner ein auke på 2 millionar i høve budsjett for 2023. Prisendringar, nye oppgåver og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	0
Inntekter prisjustering	-179
Lønnsjustering inkludert pensjon	2 215
Kostnader prisjustering	711
Basistilskot	-4 754
Sum prisendringar	-2 007
Kompensasjon lønsoppgjjer 2023	243
Drift av Livabygget, reinhald	2 000
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2023	-236
Sum netto kostnader	-

Husøkonomi set høge krav til reinhald i sjukehusa. Eit godt reinhald skal vere med å hindre smittespreiing og auke trivselen for pasientar og personale. Vi vil innføre kontroll av reinhald ved hjelp av bakterielle målingar, utført med ATP og Hygokult. Målet er å avdekke eventuelle smittekjelder og gjere forbetrande tiltak.

Svanabygget

Svanabygget skal framover vidareføre pasientretta drift. Det vil medføre krav til dagleg reinhald som i dag.

Livabygget

Husøkonomi skal i 2024 levere dagleg reinhald til Livabygget – 13 000 kvadratmeter. Sterilsentral og forsyning vil få større reine lager og melder om forventa auke av reinhaldsfrekvens. Husøkonomi ynskjer å ta i bruk ny teknologi. Bruk av mindre robotar kan vere eigna, særleg ved steril- og forsyningslager.

Husøkonomi har utfordringar med å tilsetje kvalifisert personell til å utføre reinhald. Derfor er det viktig med gode rutinar for opplæring og bruk av kompetanseportalen. I januar 2024 tar husøkonomi i bruk Clean Pilot, eit nytt planleggingsverktøy for leiarar og tilsette ved reinhaldsseksjonane. Alle arbeidsoppgåver ved reinhaldsseksjonane er rekna ut på tid. Det betyr lite rom for «ad-hoc»-oppgåver som smittevask eller behov for ekstra reinhald.

Kompetanse

Husøkonomi vil i 2024 ha fokus på å tilby ufaglærte tilsette å gjennomføre utdanning som kvalifiserer til fagbrev som reinhaldsoperatør. Fagbrev er kvalitetsstempel på kompetanse og gjev auka yrkesstoltheit til reinhaldsfaget.

Sjukefråværet i 2023 har vore høgt. Høgst er langtidsfråværet. Det er lite eigenmeldt fråvær. Husøkonomi har eit godt arbeidsmiljø. Tilsette trivast på jobb. Eit godt arbeidsmiljø handlar om korleis vi jobbar, organiserer, planlegg og gjennomfører arbeidet på arbeidsplassen.

Tekstilseksjonen i Førde har gjort forbetring i logistikk og leveranse av tøy. No arbeider vi med endring i rutine for bestilling av pasienttøy, endriga vil spare sengepostane for arbeidstid.

Bustadformidling husøkonomi

Bustadmassen som Helse Førde leiger av bustadformidlingane ved Lærdal sjukehus (LSH) og Nordfjord sjukehus (NSH), er organisert under husøkonomi. Store deler av bustadane som Helse Førde leiger i Lærdal har blitt renoverte. Ved NSH har bustadformidlinga dei siste seks åra totalrenovert ni leilegheiter og elleve hyblar.

3.3 Matforsyning

Matforsyning	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Basistilskot	-36 595	-38 716	-38 716	-40 663	-	-1 947	0,0 %
Andre inntekter	-9 312	-10 569	-10 860	-11 176	-291	-315	2,8 %
Sum driftsinntekter	-45 907	-49 285	-49 577	-51 839	-291	-2 262	0,6 %
Varekostnader	17 703	17 396	17 939	18 460	543	520	3,1 %
Løn til fast tilsette og vikarar	21 144	21 802	22 156	23 241	354	1 086	1,6 %
Variable tillegg og overtid	1 610	1 407	1 345	1 411	-62	66	-4,4 %
Feriepengar og sosiale kostnader	9 642	10 012	9 993	10 613	-19	621	-0,2 %
Refusjonar løn	-1 428	-570	-891	-935	-321	-44	56,3 %
Innleige av personell	49	51	-	-	-51	-	-100,0 %
Diverse personalkostnad	125	160	160	165	-1	6	-0,4 %
Reisekostnader	125	197	185	191	-11	5	-5,8 %
Sum løn og personalkostnader	31 267	33 058	32 947	34 687	-110	1 739	-0,3 %
Andre driftskostnader	-1 375	-1 168	-1 273	-1 307	-104	-35	8,9 %
Sum driftskostnader	47 594	49 285	49 614	51 839	329	2 225	0,7 %
Sum	1 687	-0	37	-	37	-37	

Tal utan basisramme:

Matforsyning	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
KJØKKEN ISP	2 153	2 142	2 144	2 249	3	105	0,1 %
KJØKKEN LÆRDAL	4 378	4 478	4 486	4 714	7	229	0,2 %
KJØKKEN NORDFJORD	5 128	5 106	5 111	5 364	5	254	0,1 %
PRODUKSJONSKJØKKEN FØRDE	24 905	25 537	25 557	26 809	20	1 252	0,1 %
MATFORSYNING FELLES	1 717	1 453	1 456	1 527	2	71	0,2 %
Sum	38 282	38 716	38 754	40 663	37	1 910	0,1 %

Budsjettframlegget til matforsyning syner ein auke på 37 000 kroner i høve budsjett for 2023. Prisendringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	-0
Inntekter prisjustering	-315
Lønnsjustering inkludert pensjon	1 739
Kostnader prisjustering	486
Basistilskot	-1 947
Sum prisendringar	-37
Kompensasjon lønsoppgjer 2023	210
Endring som følge av andre vedtak og hendingar i 2023	-173
Sum netto kostnader	-

Matforsyning legg opp til å vidareføre dagens mattilbod til pasientar og andre brukarar i 2024, med noko lokal tilpassing. Budsjettet gjev matforsyning utfordringar knytt til bruk av personalressursar og råvarekost, da matvareprisane har hatt ein betydeleg prisvekst i 2023. Frå Sjukehusinnkjøp blei det signalisert rundt 10 prosent prisauke på årsbasis for 2023, resultatet til no er nær 17 prosent. Kantineprisane vil frå januar 2024 få ny prisauke. Salet i kantiner og kafèar, har teke seg opp att etter pandemien. Vi har difor justert opp inntektene for 2024. Redusert matsvinn og porsjonerte middagar vil gje innsparing på 105 000 kroner i matvareinnkjøp. Eit stramt budsjett gir lite rom for å investere i utstyr og innovasjon, innanfor fag og drift. Drifta i matforsyning vil vere sårbar ved høgt sjukefråvær. Det gjeld særleg utfordring knytt til å skaffe kvalifiserte vikarar. Nokre seksjonar i matforsyning har auka risiko grunna låg bemanning einskilde driftsdagar (frå to til ein personalressurs).

Fokusområde i 2024 vil vere å drive forbetningsarbeid knytt til sjukefråvær, matsvinn og fagleg utvikling. På drift handlar det om å implementere miljøkrav om reduksjon i matsvinn på 50 prosent fram mot 2030.

Matforsyning vil følgje opp brukarundersøking på mattilbodet til pasientane. Dette arbeidet skjer lokalt på kvar seksjon gjennom mat og menyutvikling, og i drøftingar i matpanelet til Helse Førde. Leiar i matforsyning er leiar for det nye matforsyningsrådet i Helse Vest og sit også i likestilling, inkludering og mangfoldsutvalet (LIM-utval) for Helse-Førde samt i den regionale innkjøpsgruppa som arbeider med regionale matvareanbod.

Matforsyning HFD er Debiogodkjent ut år 2024 med bronsemerke, mellom anna på bakgrunn at vi nyttar nærare 20 prosent økologiske matvarer. Helse Førde og matforsyning deltek i regionale og nasjonale fagforum.

3.4 Teknisk drift

Teknisk drift	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Basistilskot	-89 432	-89 658	-89 658	-101 486	-	-11 828	0,0 %
Øyremerka midlar	102	-	-	-	-	-	0,0 %
Andre inntekter	-21 852	-25 982	-24 689	-25 407	1 293	-718	-5,0 %
Sum driftsinntekter	-111 182	-115 640	-114 347	-126 893	1 293	-12 546	-1,1 %
Varekostnader	686	631	755	777	123	22	19,5 %
Løn til fast tilsette og vikarar	25 298	26 736	29 241	30 674	2 506	1 433	9,4 %
Variable tillegg og overtid	2 424	1 799	1 440	1 510	-359	71	-20,0 %
Feriepengar og sosiale kostnader	12 978	13 217	13 153	13 998	-63	844	-0,5 %
Innleige av personell	-1 899	-791	-885	-929	-94	-43	11,9 %
Diverse personalkostnad	-2 759	-3 106	-3 143	-3 231	-37	-88	1,2 %
Reisekostnader	232	309	349	359	40	10	13,1 %
Sum løn og personalkostnader	36 273	38 163	40 156	42 382	1 993	2 227	5,2 %
Andre driftskostnader	77 935	76 846	81 006	83 734	4 160	2 728	5,4 %
Sum driftskostnader	114 894	115 640	121 917	126 893	6 276	4 977	5,4 %
Sum	3 712	-0	7 569	-	7 569	-7 569	

Tal utan basisramme:

Teknisk driftsavdeling	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
PORTØR	13 137	13 047	13 050	13 733	3	683	0,0 %
TEKNISK DRIFT FØRDE OG TRONVIK	39 779	42 528	43 092	44 920	564	1 828	1,3 %
TEKNISK DRIFT LÆRDAL, ISP	14 188	11 090	12 334	12 862	1 244	528	11,2 %
TEKNISK DRIFT NORDFJORD	12 773	11 951	12 922	13 507	971	585	8,1 %
TEKNISK FELLESE	13 673	11 042	15 829	16 464	4 787	635	43,4 %
Sum	93 550	89 658	97 228	101 486	7 569	4 259	8,4 %

Budsjettframlegget til teknisk drift syner ein auke på 7,6 millionar i høve budsjett for 2023. Prisendringar, nye oppgåver, og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	-0
Inntekter prisjustering	-718
Lønnsjustering inkludert pensjon	2 227
Kostnader prisjustering	2 750
Basistilskot	-11 828
Sum prisendringar	-7 569
Kompensasjon lønsoppgjær 2023	243
Overtaking drift av ambulansestasjonar	4 727
Drift av Livabygget	3 000
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2023	-400
Sum netto kostnader	-

Året 2023 har vore eit prega av innsparingstiltak, ramma inn i året var vesentleg redusert. Delar av prosjekta har vi utført med egne ressursar, både prosjektering og utføring. Vedlikehaldsarbeid vert utført etter systematisk kartlegging av tilstandsgrad og tilstandsrapport frå 2023. Satsinga på energisparetiltak har halde fram, men dei store tiltaka er gjennomførte. Tiltak gjennom prosjekt NFS som er sett på vent eller definert som utgått, vil i åra framover forverre tilstandsgraden på den

eksisterande bygningsmassen i Svanabygget. NFS skulle i opphavlege planar oppgradere høgblokka med sentralheisane.

Ombygging lab og ny infusjonspoliklinikk i Lærdal har vore dei største prosjekta i 2023. Utvikling av vertøyet for forvaltning drift og vedlikehald (FDV), Xpand, har vore utfordrande i 2023 då leverandøren ikkje har løyst ein del av programfeila som er viktige for dagleg drift. Det er beslutta i eigedomsutvalet i oktober 2023, at nytt FDVU system i Helse Vest skal avropast på nasjonal avtale inngått av Sjukehusbygg. Elles har vi arbeidd med opprusting av SD-anlegga og regulering/ombygging av varmeanlegga.

For 2024 ynskjer vi mellom anna å prioritere ytterlegare brannsikring og utskifting av sterilteknisk utstyr. Teknisk Førde sentralsjukehus har eit tett og godt samarbeid med prosjekt Nye Førde sjukehus (NFS) og bidreg med to ressursar inn i prosjektet. Medverknad er viktig for å påverke byggeprosjektet i driftseffektiv retning og for å lette overgangen frå prosjekt til drift. Alle våre fagområde er i ulik grad involvert i NFS. Det ligg generelt ein risiko i straumprisane for Indre Sogn også for 2024. Det er lagt opp til eit «normalår» i budsjettet.

Bustadformidling

Bustadmassen som Helse Førde leiger av bustadstiftinga i Førde er ferdig rehabilitert. Det medfører at leigetakarane er meir tilfredse, og vi har jamt høgt belegg. I 2023 overtok vi 18 nye bueingar og vidare vert bustadane som ikkje høver til vår drift oppsagt. Marknaden har endra seg, og fleire kjøper bustader i staden for å leige. Formidlinga har i samråd med bustadstiftinga sagt opp noko av den eldre bustadmassen.

Portør

I 2023 har seksjonen arbeidd vidare med «der skoen trykker» som eit tiltak for å få ned sjukefråværet. Arbeidet vil halde fram i 2024. I samarbeid med NFS jobbar vi med å optimalisere logistikken av senger og pasientflyt.

Portørane skal framleis ivareta sine primær oppgåver, pasienttransport og avfallshandtering. Fokus i 2024 vil vere knytt til sjukefråvær, arbeidsmiljø og auka kompetanse.

3.5 Pasientreiser, ekspedisjon og pasienthotell

Pasientreiser	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Basistilskot	2 937	-493	-581	-580	-88	1	100,0 %
Sum driftsinntekter	2 937	-493	-581	-580	-88	1	17,9 %
Løn til fast tilsette og vikarar	-22 049	-6 933	-6 919	-7 369	14	-450	-0,2 %
Variable tillegg og overtid	723	278	284	298	6	14	2,1 %
Feriepengar og sosiale kostnader	-174	-268	-247	-257	20	-10	-7,6 %
Innleige av personell	-11	-139	-118	-122	21	-3	-15,1 %
Diverse personalkostnad	-1 461	-3 564	-3 463	-3 566	102	-103	-2,8 %
Reisekostnader	-0	-	-	-	-	-	#DIV/0!
Sum løn og personalkostnader	-22 973	-10 627	-10 464	-11 017	163	-553	-1,5 %
Andre driftskostnader	3 359	0	-28	-	-28	28	-8536430,3 %
Sum driftskostnader	-19 614	-10 627	-10 492	-11 017	135	-524	-1,3 %
Sum	-16 677	-11 120	-11 073	-11 596	47	-523	

Pasientreiser	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
EKSPEDISJON OG PASIENTHOTELL	14 419	16 980	16 973	17 814	-7	841	0,0 %
PASIENTREISER	9 209	8 891	8 926	9 389	35	464	0,4 %
Sum	23 628	25 870	25 898	27 203	28	1 305	0,1 %

Budsjettframlegget til pasientreiser syner ein auke på 28 000 kroner i høve budsjett for 2023. Prisendringar, nye oppgåver, og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	-
Inntekter prisjustering	-27
Lønnsjustering inkludert pensjon	1 223
Kostnader prisjustering	109
Basistilskot	-1 333
Sum prisendringar	-28
Kompensasjon lønsoppgjjer 2023	144
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2023	-116
Sum netto kostnader	-

Pasientreiser

I pasientreiser ser vi som i 2022 ein auke i aktiviteten. Tal rekvisisjonar har auka med omlag 4 prosent, men på same tid har vi fått ned tal turar og fått opp samkøyringsgraden. Samkøyringsgraden ligg i snitt på 1,43 i 2023 medan den i 2022 låg på 1,36.

Vi har i 2023 jobba med 35 nye deltilbod. Dei fleste tilboda har start frå 1. februar 2024. Det er knytt stor spenning til anbodet, då med tanke på auka drivstoffprisar, overgang til fossilfri bilpark og ikkje minst reduksjon i tal rullestolbilar i Helse Førde sitt dekningsområde. Vil vi få tilbod i alle kommunane i Helse Førde sitt dekningsområde? Til kva pris?

Pasientreiser har i 2023 styrka funksjonen som fagansvarleg, og i tillegg fått på plass ny driftskoordinator. Dette er to viktige funksjonar som vi vil vidareutvikle også i 2024. Tovegskommunikasjon med transportørane gjennom systemet Bliksund har vore ein suksess. Fagansvarleg og driftskoordinator vil jobbe vidare med systemet, og blant anna jobbe med å få til god samhandling med pasientreiser i Helse Bergen. I tillegg er det viktig med informasjonsarbeid både internt i helseforetaket og ut mot kommunar og transportørar.

Etter samanslåing av pasientreiser, ekspedisjon og pasienthotell har vi no fokus på å finne synergjar på tvers av seksjonane. Korleis kan vi jobbe smartare og vere meir effektive?

Ekspedisjon og pasienthotell

Ekspedisjonen (sentralbord, resepsjon, innskrivingsentral, ID-kontor, bodkontor og arkiv) vil ha fokus på god service til alle som tek kontakt. Vi vil ta del i pågåande prosjekt som er relevante for seksjonane. Det pågår endringsarbeid i høve resepsjonen, tanken er å samle fleire funksjonar i ny utvida resepsjon, då i takt med den generelle utviklinga der pasienten skal vere meir i fokus.

Pasienthotellet vil jobbe for at pasientar og andre gjestar kjenner seg velkomne og ivaretekne under opphaldet. Vi har fokus på knutepunktfunksjonen for å halde nede tal korridorpatientar og å avlaste sengepostane, samt ivareta den pasientopplevde kvaliteten, ved å ha pasientane på rett omsorgsnivå. Pasienthotellet skal i 2024 flytte til sjuane etasje, auke sengetalet til minimum 36 senger og ha døgnbemanning. Det er i budsjettet til seksjonen for 2024 ikkje teke omsyn til denne endringa. Budsjettet i ekspedisjon og pasienthotell for 2024 byggjer vidare på drifta i 2023.

4 Bemanningsplan 2024

Endring i netto månadsverk

Netto månadsverk	Snitt 2022	Budsjett 2023	Snitt 2023	Budsjett 2024	Endring B23-Snitt2022	Merknad
Husøkonomi	48,3	52,9	47,4	50,4	3,0	Livabygget, reinhald
Matforsyning	39,2	44,4	39,7	39,7		
Medisinsk teknisk avdeling	10,3	12,0	9,7	9,7	-	
Pasientreiser, ekspedisjon og hotell	25,5	12,6	24,7	12,6	-	
Teknisk driftsavdeling	46,4	68,4	44,7	46,7	2,0	Livabygget, drift
Drift og eigedom felles	2,1	2,0	2,4	2,0	-	
Sum drift og eigedom	171,8	192,3	168,6	161,1	5,0	

*Snitt t.o.m. november

Det er planlagt med fem fleire årsverk som følgje av at vi skal ta over Livabygget i løpet av 2024. Heilårsverknad på bemanning vil vi ikkje få før i 2025. I 2023 er seksjon ekspedisjon og pasienthotell organisert i lag med pasientreiser.

5 Budsjettprosess

Tabellen syner dei viktigaste møtepunkta i samband med budsjettprosessen i drift og eigedom.

Datoar for budsjettarbeid 2024		
Dato	Deltakarar	Tema
28.03.2023	Utdeling av rammes for åra 2024-2028	Utdeling av rammes for åra 2024-2028
03.05.2023	Randi Rambjørg (TV), Bjarte Lillehaug (VO), Per Arne Flølo (Avd.sjef MTA)	Gjennomgang av langtidsbudsjettet for MTA
04.07.2023	Avdeling og seksjonsleiarar, verneombod og tillitsvalde	Utsending av førebels rammes for budsjett 2024
19.09.2023	Avdeling og seksjonsleiarar	Utsending av rammes for budsjett 2024
09.10.2023	Matforsyning, gjennomgang budsjett 2024	Dialogmøte med tiltsvalgte Mariann Hundsne og Randi Rambjørg, og verneombud Gustav Hovland.
18.10.2023	Pasientreise og ekspedisjon	Budsjettmøte med dei tilsette, verneombod og tillitsvald. Tillitsvald kunne ikkje møte. Referat frå møte lagt i Elements.
20.10.2023	Tillitsvalde Delta, verneombod og avdelingssjef MTA. Forfall på tillitsvald NITO	Informasjon om budsjett 2024 for MTA
27.10.2023	Husøkonomi, Tillitsvalde Delta og Fagforbundet	Informert Fagforbundet og Delta om budsjettet til Husøkonomi. Svar mottatt frå Delta. Foreslår at varekostnad skal reduserast ytterlegare. Delta stiller spørsmål om seksjonen skal budsjettere med refusjonsinntekter.
31.10.2023	Leiing, tillitsvalde og verneombod Teknisk drift	Informasjon om budsjett for Teknisk drift
07.11.2023	tillitsvalgte og verneombud	mail til verneombud og tillitsvalgte ang budsjettprosessen til husøkonomi NSH og LSH
20.11.2023	Leiing, tillitsvalde og hovedverneombod	Informasjon om budsjett for avdelingane i drift og eigedom
24.11.2023	Leiing, tillitsvalde og hovedverneombod	Drøfting av budsjett 2024 for drift og eigedom

----- O -----